

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 13/6686-6

Naustdal kommune - Høyring av framlegg til samfunnsdelen av kommuneplanen

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen meiner samfunnsdelen til Naustdal sin kommuneplan tek tak i sentrale utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon.
2. Fylkeskommunen rår til at kommunen i arbeidet med handlingsdelen definerer kva oppgåver kommunen kan løyse internt og kva oppgåver kommunen ynskjer å løyse saman med andre og kva oppgåver kommunen treng hjelp til, frå fylke og stat.
3. Fylkeskommunen er innstilt på å gå i dialog med Naustdal kommune med sikte på å finne samarbeidsløysingar på område der fylkeskommunen kan bidra.
4. Fylkeskommunen rår til at kommunen i det vidare planarbeidet vurderer dei innspela som ligg i saksutgreiinga.

Vedlegg:

Kommuneplan for Naustdal – Utkast til samfunnsdel til kommuneplanen

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Naustdal kommune har sendt samfunnsdelen til kommuneplanen på høyring med frist til 08.12.14.

Planutkastet viser på ein god måte kor langt Naustdal har kome i ein politisk prosess for å meisle ut ein tydeleg veg vidare for kommunen. Den berande visjonen for Naustdal er «Folkevekst med god kvalitet i samfunnsutviklinga».

Planutkastet viser at kommunen har prioritert ved at ein har stor variasjon i kor djupt den går inn i enkelttema. Folkehelse har fått stor plass. Samtidig ser fylkesrådmannen at tema som miljø og klima, som for tida har stor merksemd, i liten grad er omtalt.

Planutkastet har fokus på kommunen og dei ressursane dei har til rådvelde. Utkastet har få vurderingar av kva utfordringar kommunen har der det kan vere behov for eller er ynskjeleg å handle saman med andre for å løyse. Utkastet har heller ingen vurderingar knytt til formelt kommunesamarbeid eller prosessen kring kommunereforma.

Fylkesrådmannen har i si saksutgreiing hatt fokus på å løfte fram tema som kan vere til hjelp for kommunen i det vidare arbeidet, og der fylkeskommunen eller andre aktørar kan vere støttespelar.

2. Bakgrunn for saka

Hovudmålet for planarbeidet er «Folkevekst med god kvalitet i samfunnsutviklinga». Kommuneplanen viser vegen Naustdal ynskjer å gå mot 2025. I Naustdal har ein drøfta kva ein vil ha ut av planen: «Kva er viktig for Naustdal som samfunn; kva samfunn vil vi ha?». Fokus har i stor grad vore på verdiar og omdømme. Kommunane har hatt eigne komitear for kvart tema i planen, som har gjennomført prosessar og dialogmøte.

Styrande for planarbeidet har vore handlingsplanane for 2007 og 2008, planstrategi frå 2009 og revidert planstrategi frå 2012. I denne perioden har kommunen utarbeida ei rad planar, som til dømes kommunedelplan sentrum, områdeplan Sæla, skule og barnehagestruktur, helse- og omsorgsplan og bygdeutviklingsplan.

Strukturen i dokumentet er bygd på kommunal planstrategi. Kommunen har valt ei oppbygging basert på samfunnsområde, med eit perspektiv frå «vogge til grav» for innbyggjarane. Det har ført til at ein internt i organisasjonen har måtta jobbe tverrfagleg.

Planarbeidet har nytta desse felles krava:

- Samordning - Styringsdokumentet for kommunen som samfunn og organisasjon
- Dialog - Involvere innbyggjarar, lag og organisasjonar i arbeidet med kursen framover
- Forenkling - Alle kommunale planar skal bygge på eller vere ein del av samfunnsdelen

Kommunen som organisasjon og samfunn vil heile tida måtte gjennomføre endringar for å tilpasse seg skiftande rammevilkår og nye utfordringar. Kommunen har sikra god medverknad i utforminga av planen og i å definere kva «god kvalitet i samfunnsutviklinga» tyder. Medverknad, demokrati og openheit skal prege utviklinga.

Kommunen har kopla den langsiktige samfunnsdelen til eit 1-årig handlingsprogram, og budsjett og økonomiplan, for å få ei sterkare strategisk styring og prioritering av arbeidsoppgåvene. Samfunnsdelen vil soleis legge premissane for økonomi og utvikling, også i kommuneorganisasjonen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen vil gje ros til kommunen for eit godt og gjennomarbeid framlegg til kommuneplan. Vi vil særleg trekkje fram arbeidet kommunen har gjort i høve medverknad, innbyggjardialog, tverrfagleg internt arbeid og politisk deltaking. Framlegget er og kortfatta og konsentrert.

Samfunnsdelen er sendt på høyring utan eit handlingsprogram. Det er fyrst når handlingsprogrammet kjem på høyring at vi kan sjå korleis dei gode tiltaka vert fanga opp og gjennomført. I handlingsprogrammet er det viktig at kommunen definerer kva oppgåver kommunen må løyse sjølv, kva oppgåver kommunen kan løyse saman med lag, organisasjonar og næringslivet og kva kommunen treng hjelp til frå nabokommunar, region, fylke og stat for å få til ei berekraftig utvikling. Forventningar til eksterne aktørar må kome tydeleg fram.

I saksutgreiinga har vi hatt fokus på å løfte fram tema som kan vere til hjelp for kommunen i det vidare arbeidet, og der fylkeskommunen eller andre aktørar kan vere støttespelar for kommunen.

Statistikk/analyse

Vi saknar statistikkoversikt i planen, eller som eit vedlegg til planen. Ei slik oversikt kan vere eit viktig verkty for å analysere utviklingsområde, som t.d. talet på arbeidsplassar. Her er [Fylkesspegelen](#) eit godt hjelpemiddel.

Næringsutvikling og verdiskaping

Ved ei eventuelt klarsignal om gruvedrift i Engebøfjellet, er det viktig at kommunen og næringsapparatet har ein strategi for korleis lokalt næringsliv kan samarbeide om å kunne levere utstyr og tenester til Nordic Mining. I den samanheng er det viktig med tenlege næringsareal slik at bedriftene kan ha denne funksjonen.

Vi vil gje honnør til Naustdal kommune for å vere pådrivar for næringssamarbeid i Sunnfjord, og det er her viktig at kommunen har forankring i eige planverk for å styrkje samarbeidet i SIS. Det vil styrke bedriftene både lokalt og i regionen.

Verdskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025 vart vedteken på fylkestinget 11. juni 2014. Måla i planen er auka verdiskaping, folkevekst og fleire arbeidsplassar.

[Verdiskapingsplanen](#) skal vere eit styringsverktøy for korleis det regionale og lokale verkemiddelapparatet best kan nyttast for å nå desse måla. Ein føresetnad for å kunne nå måla i denne planen er at alle partar samverkar. Det blir no utarbeidd handlingsprogram for dei ulike satsingane i planen.

Arbeidsinnvandring/ tilflytting

Tilflytting og arbeidsinnvandring er ein viktig faktor for å auke folketalet og rekruttere arbeidskraft til næringslivet. Det er i den samanheng viktig å skape attraktive buområde og gode sørvistilbod som barnehage og skule. Naustdal kommune viser at dei har merksemd på dette. For å integrere innvandrar er det i tillegg viktig med eit godt introduksjonsprogram, og tilpassa offentleg informasjon. Det er og viktig at det er tilgjenge på gjennomgangs-/utleigebustader.

Breiband

Naustdal kommune legg vekt på god digital infrastruktur som breiband og mobil. Her vil Sogn og Fjordane fylkeskommune vere ein viktig støttespelar gjennom si rådgjeving.

Ungt entreprenørskap

Entreprenørskap som ein del av opplæring/oppvekst, er viktig for å skape ein gründerkultur, og vi vil her peike på *Ungt-Entreprenørskap* som ein viktig samarbeidspart.

Klima- og miljøkonsekvensar

Kommunen skriv i innleiinga at planarbeidet har teke utgangspunkt i T-1497-«*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*». Eit tema vi i liten grad finn att er klima og miljø. De viser til klima- og miljøplanen, utan å gå vidare inn på korleis de ønskjer å jobbe med denne. Ei av våre store samfunnsutfordringar framover vil vere tilpassing til eit klima i endring. Sjølv om de har utarbeidd eigen klimaplan bør samfunnsdelen i større grad drøfte denne i samanheng med andre samfunnsutfordringar, framtidig arealbruk og samfunnstryggleik.

Kulturminne

Under punkt 3.4 er det lista opp ein rekke tiltak som kan løfte fram kultur som drivkraft og endringsfaktor i lokalsamfunnet og i kommunen som organisasjon.

Her bør også kommunen sitt vedtekne arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne nemnast. Arbeidet er starta opp og det er etablert god kontakt med fleire samarbeidspartnarar (Naustdal sogelag, skulane i kommunen, Naustdal eldreråd, Naustdal pensjonistlag). Fylkeskommunen ynskjer å vere rådgjevar og støttespelar i det vidare arbeidet gjennom vår prioriterte satsing på Lokale Kulturminneplanar. Kulturminna er ein viktig ressurs i lokalsamfunnutviklinga. Innbyggjardialog er avgjerande for å få ei god lokal forankring av dette arbeidet. Å løfte fram kulturminna og dei verdiane dei representerer, er også heilt i tråd med den heilskapstenkinga som kommunen legg til grunn for sitt kulturarbeid.

Kulturutvikling

Naustdal kommune har valt å nytte kultur som utviklingsmetodikk. Kommunen har valt ein visjon «med kultur for utvikling» der ein spør korleis «vi kan vidareutvikle kultur som drivkraft og endringsfaktor» både i lokalsamfunnet og i kommuneorganisasjonen. Det er tatt eit spenstig val ved å kople dette spesielt mot samtidskunst. Det er ikkje eit val som er «tatt ut av lufta», men sterkt forankra i ideane og tankane til kunstnarar som kjem frå kommunen. Dette gir kommunen og innbyggjarane ein lokalt forankra identitet som gir gode moglegheiter for å lukkast i utviklingsarbeidet. Det vert ei utfordring å formidle dei kartlagde ressursane og kunnskapen som er skapt i utviklingsarbeidet til innbyggjarane. Ulike kartlag i Fylkesatlas kan her vere eit hjelpemiddel for kommunen.

Kommunen sitt fokus på innbyggjardialog er positivt, å trekkje fram ulike grupper i medverknad er positivt, her særleg fokuset på born- og ungdomsmedverknad. Vi saknar likevel ei innfallsvinkel i høve til deltaking for alle, også dei som treng ulike formar for tilrettelegging for å delta i samfunns- og kulturlivet.

Folkehelse

Kommunen har på ein svært god måte integrert folkehelseperspektivet i dei ulike tema i planen. Det tverrsektorielle ansvaret kommunen har etter folkehelselova vert på denne måten godt synleg. Kommunen har fokus både på det enkelte individ si evne til å ta vare på eiga helse og korleis kommunen gjennom strukturelle grep og praktisk tilrettelegging kan støtte opp om dette. Det vert lagt stor vekt på mestringsstrategiar og tidleg innsats. Kommunen jobbar såleis både på befolkningsnivå og individ/gruppenivå, noko som er rett strategi i høve lovkravet om å utjamne sosiale helseskilnader. Kommunen har også eit livsløpsperspektiv i folkehelsearbeidet gjennom sitt uttalte mål om innsats frå vogge til grav. Dette peikar også på tverrsektoriell innsats og samordning.

I planen peikar kommunen på at folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert, og vil få fram kunnskap om helsetilstanden i befolkninga, årsakssamanhengar og effekten av arbeidet. Dette er svært bra, og nødvendig for å målrette innsatsen. Folkehelseprofilen for 2014 utarbeidd av Folkehelseinstituttet (FHI) viser at fråfallet i vidare gåande skule er større enn gjennomsnittet for fylket og landet. Kommunen ligg og over både lands- og fylkessnittet når det gjeld personskadar behandla i sjukehus, muskel- skjellettlingar og psykiske symptom og lidingar. Kommunen har også lågare skuletrivsel blant 10. klasse enn landssnittet. På den positive sida har kommunen færre overvektige (målt for menn) enn fylket, som ligg godt over landssnittet. Når FHI sine data vert samanfatta med data frå ungdomsundersøkingane og anna kunnskap kommunen sit med, vil helseovervakinga for Naustdal gje eit godt faktagrunnlag å bygge på.

Naustdal kommune har teikna partnerskapsavtale om folkehelse med fylkeskommunen, og jobbar godt med folkehelse på tvers av sektorar og i samarbeid med frivillige

organisasjonar. Dette syner att i samfunnsdelen. Måten folkehelseperspektivet og tiltak er integrert i planen på kan tene som døme for andre kommunar.

Kopling til arealdelen

I kapittel 3.5 « Lokalt utviklingsarbeid og arealbruk» er det lista opp kva kommunen ynskjer å gjere framover. De har ei målsetjing om å styrke lokalt utviklingsarbeid og sikre ein berekraftig arealbruk. Vi oppfattar at samfunnsdelen ikkje gjev tilstrekkeleg retning for arealbruken i kommunen. Planen bør i større grad setje opp konkrete føringar for arealplanar, slik at dei kan bidra til å nå måla om samfunnsutvikling.

Samarbeid med fylkeskommunen

Fylkeskommunen er innstilt på å gå i dialog med Naustdal kommune med sikte på å finne samarbeidsløysingar på område der fylkeskommunen kan bidra.

Fylkeskommunen kan tilby ei lang rekke tenester til kommunane. Både innafor statistikk og analyser, næringsutvikling, kultur, samferdsle, planlegging og samfunnsutvikling. Fylkeskommunen har m.a. starta eit arbeid saman med fylkesmannen for å etablere eit læringsnettverk omkring planlegging. For fylkeskommunen vil planarbeid omkring samfunnsdelen i kommuneplanen og arbeidet med kommunale og regionale planstrategiar bli viktige læringstema.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner plandokumentet gir gode strategiske føringar for å utvikle Naustdal. Fylkesrådmannen meiner og at det er lagt eit svært godt grunnlag for etablere ein meir permanent innbyggardialog for å styrkje gjennomføring og vidare utvikling av måla og strategiane i plandokumentet. Gjennom hovudmåla har kommunen etablert krevjande, men relevante mål for kva ein vil oppnå fram mot 2025. Mål og strategiar er i samsvar med fleire av strategiane i vedteken regional planstrategi.

Plandokumentet kan bli eit viktig styringsdokument ved å kople planen, med utfordringar og løysingsforslag for kvart målområde, til den årlege rulleringa av økonomiplanen.

Fylkesrådmannen ser samtidig at det er ein del problemstillingar og perspektiv ein bør vurdere i den vidare handsaminga. Dette går fram av vurderingane i saka.